



Til

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

v/ sakshandsamar.

Gjenpart til:

Vår ref

Deres ref

Dato

2013059_soknad_midl_brukst_TILLEGGSINFO.docx

14/3653

2.07.2015

Søknad om midlertidig bruksløyve - TILLEGGSINFO **Gnr. 202 Bnr. 154 Hjelmås**

Viser til vår søknad av 15.06.15, Dykkar tilbakemelding av 25.06.15 og til telefonsamtale i går 1.7.15.

VA-anlegg

VA- anlegg for trace 1 er ferdigstilt og det er sendt inn søknad om midlertidig bruksløyve. Atle Dingen har opplyst pr telefon at motteke underlag frå utførande er ok. Kum han ikkje fann ved synfaring, var berre dekt over med jord/grus. Han hadde ingen merknad til anlegget. Samla betyr dette at den delen av VA-anlegg som bnr 154 er knytt til, er ferdigstilt.

Vegen

Vegen er bygd i samsvar med godkjent teknisk plan fram til profil 140 (sjå vedlegg). Bustad, bnr 154, er knytt til vegen om lag ved profil 80. Til opplysning vert vegen justert litt i tilkobling til fylkesveg føre endeleg ferdigstilling. Dette har ingen praktisk betydning. Av omsyn til krav om ferdig veg i byggjeløyve for bnr 154, har vi søkt om midlertidig bruksløyve for den aktuelle delen av vegen fram til profil 140. Årsaka til at vi ikkje søkte om midlertidig bruksløyve, kjem av at vi la til grunn at ein fram til ferdigstilling kunne knyta seg til eksisterande veg i området. At denne vegen, slik vi no får opplyst kanskje ikkje er omsøkt/godkjent, var vi ikkje merksam på.

Rekkjefølgekrav i reguleringsplan

Det er i reguleringsplanen stilt krav til at leikeareal i området skal vera etablert ført det vert gjeve bruksløyve. Det er 2 leikeområder i planen. Vi har valt å berre etablere det eine område i første omgang. Leikeplassen ligg der det er bygd hus frå før området ligg også nærmast bnr 154 (gangsti opp til området) – sjå vedlegg. Den andre plassen (ingen hus er bygd i dette område) ynskjer vi å vente med til vi har fått ferdig anleggsarbeid. Dette av omsynt til tryggleik.

Vonar at dette gjev grunnlag for å ta stilling til midlertidig bruksløyve.



Venleg helsing

for

ADU Ingeniør Atle D. Utkilen

Atle Utklien/sign

VEDLEGG – INFO



Figur 1 - Leikeplass som vert tatt i bruk.